

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
060/2017	Formannskapet i Radøy	PS	19.10.2017
049/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	26.10.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	16/2147	17/12100

Bergen og Omland havnevesen (BOH) - etablering av interkommunalt selskap (IKS) for den lovpålagde delen av hamneverksemda

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Viser til kommunestyresak 45/16 «Etablering av nytt selskap for hamnesamarbeid i bergensregionen og avvikling av dagens Bergen og omland hamnevesen (BOH)». Saka vart handsama 21.09.16 og det vart gjort følgjande vedtak:

- 1. Radøy kommune godkjenner «Intensjonsavtalen av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid» – datert 17.06.2016.*
 - 2. Formannskapet får fullmakt til å stifta det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeidskommunane.*
 - 3. Formannskapet får fullmakt til å avvikla BOH når eit nytt selskap for den framtidige hamneverksemda er etablert i samsvar med pkt 2.*
 - 4. Radøy kommune skyt inn aksjekapital kr 100.000 i det nye hamneselskapet. Kjøp av aksjane skal førast i investeringsrekneskapen, og verdien vert ført i balansen som anleggsmidlar.*
- Finansiering ved bruk av disposisjonsfond kr 100.000,-.*

Det nye hamneselskapet Bergen og Omland Hamn AS (BOH AS) vart stifta 04.11.2016 i samsvar med vedteken intensjonsavtale. På stiftingsmøtet vart eigarkommunane informert om behovet for ei avklaring av delegasjon av mynde, bl.a. dei lovpålagte oppgåvene etter hamne- og farvasslova § 10. Slikt mynde er i dag delegert frå deltakarkommunane til Bergen og Omland Havnevesen (BOH).

I november 2016 vart det sendt ein førespurnad til Samferdselsdepartementet om mulegheita for at alle dei lovpålagte oppgåvene kan overførast til BOH AS. Samferdselsdepartementet meiner at den delen av hamneverksemda som gjeld utøving av offentleg mynde ikkje kan delegerast til private. Sjølv om BOH AS ifølgje vedtektene berre kan eigast av kommunar, ser departementet selskapet i utgangspunktet som ein privat aktør.

Problemstillinga vart drøfta på eigarmøte i BOH og BOH AS (24. mars 2017). For å sikra at prosessen knytt til den nye hamnemodellen i regionen ikkje skal verta ytterlegare forsinka, vart det fremja ei alternativ løysing. Denne løysinga inneber at det i staden vert oppretta eit interkommunalt selskap (IKS), med direkte eigarskap under dei kommunane som er med i BOH AS, dvs ikkje som eit dotterselskap av BOH AS. Departementet kan akseptera delegasjon av den enkelte kommune sitt mynde til eit felles eigd IKS, for å ivareta den lovpålagde utøvinga av mynde i hamnesamarbeidet.

Skisse til IKS-modell

Ei IKS-løysing for å ivareta eigarkommunane i BOH AS sine myndighetsoppgåver etter hamne- og farvasslova § 10, kan etablerast med tilsvarande eigarbrøk og innflytelse i styrande organ som for BOH AS. I det nemnde eigarmøtet i mars 2017 vart det presentert eit forslag til stifting og finansiering av Bergen og Omland Havn IKS (BOH IKS), jf. følgjande hovudpunkt:

- *Bergen og Omland Havn IKS ("BOH IKS") blir stifta med MNOK 10 i eigenkapital. Eigenkapitalen BOH AS blir sett ned til MNOK 540.*
- *Eigarskap for deltakarkommunane i eit IKS har same forhold som i BOH AS.*
- *Ingen ekstra økonomisk belastning for deltakarkommunane.*
- *Det er begrensa risiko for deltakarkommunane ettersom BOH IKS berre ivaretar kommunane si utøving av mynde til sjølvkost.*
- *BOH IKS skal ikkje drive kommersiell verksemd, berre ha til formål å ivareta kommunane si lovpålagte utøving av mynde.*

I ettertid har leiinga i dagens BOH kome med eit innspel om at det neppe er behov for 10 mill. kroner i eigenkapital ved etableringa av det nye selskapet, og at det er tilstrekkeleg med ein eigenkapital på 5 mill. Denne tilrådinga frå BOH er lagt til grunn ved det vidare arbeidet knytt til etableringa av BOH IKS.

Nærare om selskapskapital, eigardel, ansvar og styrande organar

Eigardel og ansvar

Det vert lagt opp til at eigardel og innflytelse i styrande organ i BOH IKS skal vera analogt til tilsvarande samansetning i BOH AS. Det vert ingen ekstra økonomisk belastning for deltakarkommunane ved IKS-etableringa. Eigenkapital på kr 5 mill blir finansiert ved at eigenkapitalen i BOH AS blir redusert frå MNOK 550 til MNOK 545.

Tabellen under viser omforeint forslag til fordeling av dei respektive deltakarkommunane sine prosentvise eigardelar, og tilsvarande ansvar som den enkelte deltakar heftar uavgrensa når det gjeld selskapet sine forpliktingar i det planlagte BOH IKS. Denne fordelinga er identisk lik med eigarfordelinga i BOH AS.

Kommune/deltaker	Innskudd NOK	Prosentvis eierandel i Selskapet	Prosentvis fordeling av ansvar
Askøy	0	5	5
Austrheim	0	1	1
Bergen	5 000 000	50	50
Fedje	0	1	1
Fjell	0	11	11
Lindås	0	16	16
Meland	0	1	1
Os	0	5	5
Radøy	0	1	1
Sund	0	1	1
Øygarden	0	8	8

SUM	5 000 000	100	100
------------	----------------------	------------	------------

Representantskapet

Alle deltakar-kommunane skal kvar velja eitt medlem, og samt eitt varamedlem til representantskapet i BOH IKS, og representantskapet skal ha møte minst ein gong i året. Stemmeretten følgjer dei enkelte deltakar-kommunane sin prosentvise eigardel i selskapet, og avgjerdene vert normalt gjort med alminneleg fleirtal av stemmene som er representert. Ettersom det er eigarane av A-aksjane i BOH AS som har rett til å velja møteleiar på generalforsamlinga, er det naturleg at det er omlandskommunane som også skal ha rett til å velja leiar til representantskapet i BOH IKS.

Styret

Selskapet skal ha åtte deltakarvalde styremedlemmer som følgjer kommuneval-perioden. Det er eit mål at styret i BOH IKS skal ha same samansetting som BOH AS.

Av dei åtte styremedlemmene skal Bergen kommune, med ein eigardel på 50 %, ha rett til å utpeika fire styremedlemmer, inkludert leiar i styret. Dei fire resterande styremedlemmene vert fordelt mellom dei andre deltakarkommunane. Kommunane Fjell, Lindås og Øygarden skal ha rett til å utpeika kvar sitt styremedlem, medan kommunane Askøy, Austrheim, Fedje, Meland, Radøy, Os og Sund har rett til å utpeika eitt styremedlem i fellesskap. Dette forslaget til fordeling av styremedlemmer i BOH IKS er identisk med fordelinga som er gjennomført for BOH AS.

Delegering av lovpålagte forvaltningsoppgåver til BOH IKS

Ved stiftinga av BOH IKS vil dei lovpålagte forvaltningsoppgåvene samtidig bli delegert frå deltakar-kommunane til BOH IKS. Det vert lagt opp til at selskapet ikkje skal ha eigne tilsette, og at det vil bli inngått ein tenestekjøpsavtale mellom BOH IKS og BOH AS for ivaretaking av kommunane si lovpålagte utøving av mynde.

Vidare prosess for etablering av BOH IKS

Det vidare arbeidet med etableringa av BOH IKS og implementering av den nye hamnemodellen i Bergensregionen kan samanfattast som følgjer:

- Vedtak om oppretting av BOH IKS i den enkelte deltakarkommune
- BOH IKS vert stifta
- Oppgåvene vert delegert til BOH IKS når selskapet er etablert
- Tilsette og driftsmidlar vert verande i dagens BOH inntil dei vert overført til BOH AS
- BOH IKS kjøper tenester av BOH/BOH AS for å utøva lovpålagte oppgåver.
- Hamne- og farvasslova og IKS-lova er begge under revisjon. Modellen med IKS for utføringa av dei lovpålagte oppgåvene vert endra til AS dersom dei komande lovendringar opnar for dette.

Stiftinga av BOH IKS vil bli gjennomført med bakgrunn i ovannemnte utkast til stiftingsdokument og selskapsavtale. Straks etter stiftingsmøtet vil det bli halde eit konstituerande representantskapsmøte der bl.a. styret for BOH IKS blir formelt valt. Styret vil, saman med den daglege leiinga i selskapet, jf. den nemnde tenestekjøpsavtale, få hovudansvaret for det vidare arbeidet med å få gjennomført dei formelle og praktiske oppgåvene knytt til etablering av BOH IKS.

Vurdering

Ettersom Samferdselsdepartementet har gitt tilbakemelding om at offentlig mynde ikkje kan delegerast til aksjeselskap, finn rådmannen det fornuftig at det blir oppretta eit IKS som kan ivareta

Radøy kommune si utøving av mynde etter hamne- og farvasslova. Dette sikrar at intensjonane i dagens hamne- og farvasslov blir følgt, samtidig med at ein på ein god måte, gjennom ein tenestekjøpsavtale, knyttar til seg kompetansen og kapasiteten som finst i dagens BOH. Dette er også eit viktig grep for å få på plass endeleg oppstart av BOH AS.

Modell med eit IKS synes også å vera fleksibelt med omsyn til ei framtidig tilpassing til eventuelle endringar i hamne- og farvasslova og IKS-lova. Begge desse lovområda er for tida under revisjon. Dersom det seinare vert opna for at oppgåvene knytt til utøving av mynde i tilknytning til hamne- og farvassforvaltninga kan delegerast til BOH AS, vil det vera relativt ukomplisert å avvika BOH IKS, og i staden delegera til BOH AS, evt. eit dotterselskap til å ivareta kommunen sine lovpålagte utøving av mynde.

Ei etablering av BOH IKS vil ikkje ha økonomiske konsekvensar for Radøy kommune. Rådmannen rår til at Radøy kommune godkjenner at BOH IKS blir etablert.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Radøy kommune godkjenner at det vert etablert eit interkommunalt selskap, Bergen og Omland Havn IKS (BOH IKS), for å ivareta kommunen sine lovpålagte myndighetsoppgåver, jf. hamne- og farvassloven § 10, saman med dei andre kommunane i hamnesamarbeidet i dagens BOH og BOH AS
2. Ordføraren får fullmakt til å stifta det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeids-kommunane. Dette i samsvar med vedlagte stiftingsdokument og selskapsavtale for BOH IKS, samt andre retningslinjer som kjem fram av saka, som fastsetting av endeleg opningsbalanse, gjennomføra kapitalinnskot og halda konstituerande representantskapsmøte med val av styre og revisor.
Det vidare arbeidet med gjennomføringa av selskapsetableringa og overføringa av kapital/verdiar, blir ivaretatt av styret og den daglege leiinga i det nye selskapet, jf. tenestekjøpsavtale med BOH AS.
3. I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvasslova av 17.04.2009 nr. 19 § 10, vert Radøy kommune sitt mynde etter hamne- og farvasslova delegert til BOH IKS.
Kommunestyret forutset at delegasjonen av mynde til BOH IKS ikkje innskrenkar Radøy kommune sitt høve til å setja i verk tiltak for å verna innbyggjarane si helse når helsevern-styresmaktene tilrår dette.
4. Frå Radøy kommune blir følgjande valde som medlem og varamedlem til representantskapet i BOH IKS:
Medlem:
Varamedlem:

Formannskapet i Radøy - 060/2017

FS - handsaming:

Det vart sett fram forslag på ordførar som medlem i representantskapet i BOH IKS, og varaordførar

som varamedlem.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med framlegg sett fram i møtet.

FS - vedtak:

1. Radøy kommune godkjenner at det vert etablert eit interkommunalt selskap, Bergen og Omland Havn IKS (BOH IKS), for å ivareta kommunen sine lovpålagte myndighetsoppgåver, jf. hamne- og farvassloven § 10, saman med dei andre kommunane i hamnesamarbeidet i dagens BOH og BOH AS
2. Ordføraren får fullmakt til å stifta det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeids-kommunane. Dette i samsvar med vedlagte stiftingsdokument og selskapsavtale for BOH IKS, samt andre retningsliner som kjem fram av saka, som fastsetting av endeleg opningsbalanse, gjennomføra kapitalinnskot og halda konstituerande representantskapsmøte med val av styre og revisor.

Det vidare arbeidet med gjennomføringa av selskapsetableringa og overføringa av kapital/verdiar, blir ivaretatt av styret og den daglege leiinga i det nye selskapet, jf. tenestekjøpsavtale med BOH AS.

3. I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvasslova av 17.04.2009 nr. 19 § 10, vert Radøy kommune sitt mynde etter hamne- og farvasslova delegert til BOH IKS.

Kommunestyret forutset at delegasjonen av mynde til BOH IKS ikkje innskrenkar Radøy kommune sitt høve til å setja i verk tiltak for å verna innbyggerane si helse når helsevern-styresmaktene tilrår dette.

4. Frå Radøy kommune blir følgjande valde som medlem og varamedlem til representantskapet i BOH IKS:
Medlem: Ordførar
Varamedlem: Varaordførar

Kommunestyret i Radøy - 049/2017

KS - handsaming:

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilsrådinga.

KS - vedtak:

1., Radøy kommune godkjenner at det vert etablert eit interkommunalt selskap, Bergen og Omland Havn IKS (BOH IKS), for å ivareta kommunen sine lovpålagte myndighetsoppgåver, jf. hamne- og farvassloven § 10, saman med dei andre kommunane i hamnesamarbeidet i dagens BOH og BOH AS

2. Ordføraren får fullmakt til å stifta det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeids-kommunane. Dette i samsvar med vedlagte stiftingsdokument og selskapsavtale for BOH IKS, samt andre retningsliner som kjem fram av saka, som fastsetting av endeleg opningsbalanse, gjennomføra kapitalinnskot og halda konstituerande representantskapsmøte med val av styre og revisor.

Det vidare arbeidet med gjennomføringa av selskapsetableringa og overføringa av kapital/verdiar, blir ivaretatt av styret og den daglege leiinga i det nye selskapet, jf. tenestekjøpsavtale med BOH AS.

3. I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvasslova av 17.04.2009 nr. 19 § 10, vert Radøy kommune sitt mynde etter hamne- og farvasslova delegert til BOH IKS.

Kommunestyret forutset at delegasjonen av mynde til BOH IKS ikkje innskrenkar Radøy kommune sitt høve til å setja i verk tiltak for å verna innbyggjarane si helse når helsevern-styresmaktene tilrår dette.

4. Frå Radøy kommune blir følgjande valde som medlem og varamedlem til representantskapet i bOH IKS:

Medlem: Ordførar

Varamedlem: Varaordførar

Vedlegg:

Selskapsavtale for Bergen og Omland Havn IKS

Stiftelsesdokument for Bergen og Omland Havn IKS

BOH - brev til Samferdselsdepartementet fra WR 23.11.2016

BOH - brev fra Samferdselsdepartementet 20.12.2016 med følgebrav fra WR

Etablering av nytt selskap for hamnesamarbeid i bergensregionen og avvikling a (L)(102741)